

# KONTAKTEN

**Kontaktorgan Vik skule Nr. 3 2017 - 2018 Årgang 44**

***VED VIK SKULE YNSKJER ME AT ALLE SKAL VERA TRYGGE,  
ALLE SKAL UTVIKLA SEG POSITIVT OG AT ALLE SKAL TRIVAST***

## **Velkommen til 1.klasse**

Til hausten byrjar det 3 flotte elevar i 1. klasse. Det er Malene, Sondre og Sivert. Dei skal på førskuledag den 12. juni, og dei skal gå i klasse med 6 kjekke elevar som går i 1. klasse no. Me ynskjer 1. klassingane velkommen til oss, og gler oss til dei startar på skulen torsdag 16. august.

## **Takk til 7.klasse**

Snart er det siste skuledag på Vik skule for Johannes, Jarle, Jonas, Askev, Juli-Janne og Mona. Denne trivelege gjengen skal snart starte på Skjold skule. Me vil takke for dei 7 åra dei har vore elevar her. Me kjem til å sakna dokker. Lukke til på Skjold skule!



## Nokre går andre kjem

Neste skuleår blir me 49 elevar på skulen. Dette er 4 færre enn me er i år. Av personalet skal Veronika ha permisjon neste år, og Sandra skal gå ut i fødselspermisjon ca. 1. september. Me ønskjer Sandra lukke til med fødsel og begge to lukke til i permisjonstida.

Brit Jorunn Veastad har vore vikar hos oss heile dette året. Me vil takka henne for kjempegod innsats og kreative idear. Me håpar me kan dra nytte av henne til hausten og.

**Mona Dagsland** blir vikar for Sandra og Veronika neste år. Ho er 27 år, er frå Førre, bur i Haugesund og jobbar nå på Bokn skule. Mona skal ha 100% stilling. Ho skal vere kontaktlærer for 1.-2. klasse og ha forming på mellomtrinnet. Ho startar opp frå 1. skuledag i august. Me ønskjer Mona velkommen til Vikebygd.

## Personalet skuleåret 2018-2019

### 1. - 2. klasse

Kontaktlærer 1.-2. klasse	Mona Dagsland
Andre tilsette som arbeider her	Judith Gundersen og Berit R. Skartland

### 3.- 4. klasse

Kontaktlærarar 3.- 4. klasse	Ingrid L. Sandvik
Andre tilsette som arbeider her	Judith Gundersen, Mira Kalstveit, Torunn Fredriksen og Berit Skartland.

### 5. - 7. klasse

Kontaktlærarar 5. og 6. klasse	Anne Brith J. Nesheim og Geir Johan Ellingsen
Kontaktlærer 7. klasse	Mira Kalstveit
Andre tilsette som arbeider her	Hjørdis Marie Vårvik, Lene Bjerga, Bergfrid Kolltveit, Ellen Skretteberg, Torunn Fredriksen og Mona Dagsland

<b>SFO</b>	Berit R. Skartland, Torunn V. Fredriksen, Hjørdis Marie Vårvik, Ellen Skretteberg og Lene Bjerga.
------------	---

## Skuledagen og skyss neste skuleår



Måndag	Kl. 08.15 – 13.00	1.-7. klasse
Tysdag	Kl. 08.15 – 13.45	1.-7. klasse
Onsdag	Kl. 08.15 – 12.15	1.-4. klasse
	Kl. 08.15 – 12.35	5.-7. klasse
Torsdag	Kl. 08.15 – 13.45	1.-7. klasse
Fredag	Kl. 08.15 – 12.00	1.- 4.klasse
	Kl. 08.15 – 13.45	5.-7. klasse

Om morgonen: Skyss frå Trovåg kl. 07.45 og Tindelands kl. 07.40.  
Du brukar det same busskortet heile skuletida di, også på ungdomskulen.

Etter skuletid:



Dagar	Sør	Nord
Måndag	13.05	13.30
Onsdag	12.40	12.40
Tysdag og torsdag	14.15	13.50
Fredag	12.05 og 13.50	12.30 og 14.15

Det er tilsyn og tilbod om leksehjelp for dei elevane som må vente på skyssen. Etter jul endrar me skyssen etter skuletid. Den vil då gå motsette dagar sør og nord først. På onsdagen går det buss både nord og sør til same tid.

## SFO

For skuleåret 18/19 er det 15 barn som er påmeldte til SFO. SFO startar opp torsdag 16. august. Det er tilbod om SFO før skulestart i samarbeid med barnehagen, og frå skuleslutt til kl. 16.30 alle dagar.

Enkelte dagar er det mogleg å kjøpe ekstratid i SFO. Ta kontakt med SFO-koordinator Berit Skartland på tlf. 53655735 / 53655733/ 90515628.

## Mjøl, frukt, lånebøker og hittegoods

-Mjøl og frukt for neste skuleår kan nå bestillast på [www.skolelyst.no](http://www.skolelyst.no) og [www.skolefrukt.no](http://www.skolefrukt.no).

-Me minner om at alle må levere lånebøker tilbake til skulen innan 15.06.

-Hittegoods ligg i personalavdelinga måndag 25.06 og tysdag 26.06.



## Kalender for dei siste skulevekene

<p><b>Torsdag 07.06</b></p> <p>Alle elevane må møte seinast kl. 17.30.</p>	<p><b><u>Kulturettermiddag på bygdahuset</u></b></p> <p>Kafè frå kl. 15.30. Elevane møter seinast kl. 17.30 og me håpar alle er med på konkurransen.</p> <p><b>15.30-17.30:</b> Sal av middag (FAU) + kaffi/kaker (7. kl.)</p> <p><b>Frå 16.00:</b> Me opnar dørene til storsalen. Utstilling og konkurransen «Kjenner du Ålfjorden, Bjoafjorden, Romsa og Fjelberg?»</p> <p><b>18.00 – ca. 19.30:</b> Underhaldning og konsert</p>
<p><b>Tysdag 12.06</b></p>	<p>Førskuledag for dei som skal starta i 1. klasse til hausten</p>
<p><b>Onsdag 13.06</b></p>	<p>7. klasse reiser på klassesetur.</p>
<p><b>Torsdag 14.06</b></p>	
<p><b>Måndag 18.06</b></p>	<p>7. klasse er på besøksdag på Skjold skule.</p>
<p><b>Tysdag 19.06</b> <b>Turdag</b></p>	<p>1.-4. klasse Bjordal- Longåsdaalen - Bjordal 5.-7. klasse Bjordal – Vassnuten – Longåsdaalen – Bjordal Dei 4.-klassingane som vil kan gå 5.-7. klasse sin tur.</p>
<p><b>Onsdag 20.06</b> <b><u>Skulen sluttar kl. 10.45.</u></b></p>	<p>Friidrettsdag for alle elevane. Hugs å kle deg etter vêret . Skulen sluttar og bussen går heim kl. 10.45. Bussen kjører nord kl. 10.45 og sør kl. 11.10. SFO startar når skulen sluttar.</p>
<p><b>Torsdag 21.06</b></p>	<p>Innlevering av bøker og rydding i klasseromma. Hugs å ha med alle skulebøker/bibliotekbøker. Mellomtrinnet ryddar spesialrom.</p>
<p><b>Fredag 22.06</b> <b><u>Skulen sluttar kl. 13.00.</u></b> 1.-4. klasse går ein time lenger, og 5.-7. klasse ein time kortare.</p>	<p>Tursti, grilling og aktivitetar. Alle kan ha med seg grillmat og det dei sjølv ynskjer å drikke. Om ein vil, kan ein og få ha med litt snop og t.d. chips. 7. kl. har fellessamling: ” Takk for oss”. Skulen sluttar og bussane går heim kl. 13.00 for alle elevane. SFO er ope til kl. 16.30.</p>

# God sommar!

**Velkommen til skulestart**  
**Torsdag 16. august**  
**kl.08.15.**

